

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: V. Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvinesdal

Emne: Gifteferdig ungdom

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Røli

Gard:

(adresse): Kvinesdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 Dei gardane som grensa inn til andre bygder hadde mykje samkvem med kvarandre og gifteferdig ungdom fann gifta se ei anna bygd.
- 2 Om ein som blei gift i ei anna bygd sa folk at han fann ingen heim som var god nok.
- 3 Ein skulle helst gifte seg med ein person frå same sosial lag.
- 4 Det galdt både for søner og døtre.
- 5 Dei unge blei først samde, sidan tala dei med foreldra. Setti desse seg imot, blei det som oftest inga gifting.
- 6 Storre gardar og la planar på langt sikt.
- 7 Foreldra avtala giftermål medan borna var små, men det var meir eit ynske og ikkje bundande for framtida.
- 8 Ein kjemmer oodde systerbytte og syskenbytte, t.d. når to brødr gifte seg med ~~kvar~~^{to} si systere.

- 9 Det var ynskje å få større gøddar eller å skykja atta.
- 10 Det var mein skyldskapsgefte i eldre tid. Dei ville helst ha ein ekte make som høyrde til slekta. Det var vanleg at brevenninga gifta seg med kvarandra, og syskenborn og.
- 11 Dei var ikkje redde for skyldskap når det berre var ei sterk slekt.
- 12 Det hende at born sette seg opp mot foreldra, men det gjekk dei aldri godt, ulukke fylgde dei og det blei armod og fattigdom.
- 13 Det var vanleg meining at den som ikkje lydde foreldra fekk sjølv lida for det.
- 14 Dei unge fekk ofte hjelp hos andre som berre ville få dei i ulukke.
- 15 Foross som blei vraka kunne skella til opptog eller skyta skamskot når brusefolket kom for kyrkja.
- 16 Foreldra ville ikkje gifta bort dotter si til ein "Lathans" som det ikkje var noko med, men dersom han tok seg saman etter bryllupet, så gav dei etter.
- 17 Tenestefolk eller dei som ingenleng atte, sto foitt og kunne gifta seg med kven dei ville.
- 18 Enkjene trøng ikkje spyrga om lov til å gifta seg opp att, men ho måtte venta til ein kven baud seg fram

- 19 Gutane kunne velja foitt, men det var helst ei skam å velja eldre gjenter med bankbok-å gefta seg for pengar. Ei jente med pengar eller gard bli ledly geft.
- 20 Det lever endi folk i bygda som minnst gutar og gjenter som sat på julestolen eller sprang med toora rundt huset julafta. Dei måtte setja aleine på eit rom og dei fekk dei sjå den som dei skulle bli gift med. Bli dei ikkje geft, kom det inn ei likkista. Det var vanleg tru at den som sat på julestol bli aldri lykkelig.
- 21 Har ikkje høyrst om hugvendingsdropar eller medisiner som kan føra til kjøleik, men dei sa at dei bli forgyrd og det kom det aldri noko godt ut av.
- 23 Det var god folkeskikk at gutar og gjenter skulle ikkje tala saman i retningsmål eller ha fylgje om dagen.